

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam heradsstyre	17.12.2013	102/13	JONE

Avgjerd av: Saksh.: Jon Nedkvitne	Arkiv: N-000 Objekt:	Arkivsaknr 12/180 - 170
--	---------------------------------------	-----------------------------------

Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014 - 2017 -høyringsuttale i frå Kvam herad

Samandrag:

Hordaland fylkeskommune har lagt fram «Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014 – 2017. Høyringsutkast», med høyringsfrist den 20.desember 2013. planen peik ut tre særsskilte satsingsområde i handlingsperioden .

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møteulukker utanfor tettbygde strøk
- Mjuka trafikantar i byområde

Rådmannen ser det som svært positivt at det vert laga eigen trafikksikringsplan for heile Hordaland, men synest samstundes at det økonomiske bidraget til trafikksikringstiltak er relativt lite i denne planen.

Rådmannen har i saka valt ut seks punkt som er vektlagt i uttalen i frå Kvam herad.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Pkt 1

Kvam herad er svært nøgde med at dert vert lagt fram ein eigen handlingsplan for trafikksikring i Hordaland for perioden 2013 – 2017

Pkt 2

Kvam herad vil samstundes understreka at det burde ha vore bevilga meir midlar til trafikksikringsarbeidet i denne planen.

Pkt 3

Det må vera ei gjennomgåande satsing i handlingsplanen på aldersgruppa 16 til 24 år, då denne gruppa er svært utsett for alvorlege ulukker og drepte i trafikken. Dette gjeld både opplæring, haldningskapande arbeid og konkrete tiltak.

Pkt 4

Planen må også satse endå sterkare på opplæring og tiltak av dei yngste skuleborna og deira foreldre, slik at skuleborn kan sykle og gå til skulen på ein trygg og god måte.

Pkt 5

Planen må også peike på gjennomsnittsmålingar som eit tiltak ulukkesutsette strekningar.

Pkt 6

Kvam herad ber også om at strekkja Odland – Lidarende vert tatt inn som eit konkret trafikksikringstiltak i handslingsplanen for perioden 2014- 2017

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Saksopplysningar:

Hordaland fylkeskommune har lagt fram «Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014 – 2017. Høyringsutkast»

http://www.hordaland.no/Global/samferdse/Filer/Handlingsplan%20for%20TS%202014-2017.%20H%c3%b8yring.%20Hordaland_%20Fylkeskommune_trykk_justert%20med%20BOKMERKER.pdf

Planen inneber ei vidareføring av mange viktige satsingar frå inneverande periode i frå 2010 – 2013.

Nullvisjonen er grunnlaget for målsetjingar, satsingsområde og tiltak i handlingsplanen, og inneber ei tydeleg satsing for å redusere omfanget av drepne og hardt skadde i trafikken.

Utfordringane for trafikksikringsarbeidet i Hordaland er lag gjennom ulukkesstatistikk, vedtekne strategiar innafor transportområdet og grunnleggjande demografiske endringar. Ut ifrå dette har planen peik ut tre særskilte satsingsområde i handlingsperioden .

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møteulukker utanfor tettbygde strøk
- Mjuke trafikantar i byområde

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
 - Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar
 - Tilskot til trafikkopplæring i barnehagar og skular
 - Trafikksikringskonferanse for kommunane
 - Trafikksikringspris
 - Trafikksikker kommune
 - Tilskot til mindre fysiske tiltak i kommunane

- Møteulukker utanfor tettbygde strøk
 - Trafikksikringsdag for elevar og lærlingar på vidaregåande skular
 - «Sei i frå»-kampanjen
 - Fokus på særleg ulukkesutsette strekningar-kampanje og kontroll

- Mjuke trafikantar i byområde
 - Reflekskampanjar
 - Bybanekampanjar
 - Samspelskampanjen
 - Fylkesfinalen i sykling

Utfordringar

For å kunne arbeide systematiske og målretta med å redusere omfanget av trafikkulukker er det avgjerande å ha kunnskap om ulukkessituasjonen- og utviklinga omkring desse.

Fig. 1) Relativ utvikling i talet på personskadeulucker 2001-2012




Fig. 3) Fordeling av alle ulucker 2000-2012 på uhellskode





Fig. 4) Talet på drepne/hardt skadde i Hordaland 2000-2012 fordelt på ulukkestype



Trafikkulukkene skjer i alle delar av fylket. Det er likevel viktig viktig og ha informasjon som seier noko om kor dei alvorlege skjer og kva som kjenneteikner dei. Det er vanleg å skilje mellom Bergen og resten av Hordaland. Dette for å få eit grovt bilete av utfordringane i bystrok og meir grisgrendte strøk.

Fig. 6) Talet på drepne/hardt skadde 2000-2012





Fig. 8) Sum drepne/hardt skadde 2000-2012 fordelt på alder og kjønn



Oppsummering av ulukkesituasjonen og utvikling av vegnettet

- Positiv utvikling i omfang
- Utviklinga i Hordaland er mindre positiv enn resten av landet når det gjeld drepne og hardt skadde.
- Utforkøyrings- og møteulukker er dei mest vanlege type ulukkene med hardt skadde og drepne. Utviklinga over tid er positiv for utforkøyringsulukker, men i liten grad for møteulukker.
- Om lag 65% av dei alvorlege ulukkene i fylket skjer utenfor Bergen. Hordaland utenfor Bergen skil seg ut ved særleg mange alvorlege utforkøyrings- og møteulukker. Fotgjengarulukker er overrepresentert i Bergen
- Unge menn er særleg utsett for alvorlege ulukker –trafikkantar mellom 16- og 24 år er involvert i 30% av dei alvorlege ulukkene. Også dei eldste trafikantane er overrepresentert i alvorlege ulukker.
- Bilførarar er den trafikkgruppa som er klart oftast involvert i ulukker, Motorsyklistar og mjuke trafikantar er særleg risikoutsette grupper.

Høyringsfrist for planen er sett til den 20.desember 2013.

Vurdering:

Kvam herad og innbyggjarane i Kvam, har via Kvammapakken, satsa mykje på trafikksikring i vårt eige nærmiljø. Dette er eit tema som er viktig og som engasjerer innbyggjarane i kommunen, og Kvam herad har hatt ein god og grundig prosess rundt sin eigen trafikksikringsplan.

Rådmannen ser det såleis som svært positivt at det vert laga eigen trafikksikringsplan for heile Hordaland, men synest samstundes at det økonomiske bidraget til trafikksikringstiltak er relativt lite i denne planen. Samla sett for heile perioden er bidraget på 16 mill kroner.

Rådmannen har i saka valt ut nokre få punkt som vil verta vektlagt i uttalen i frå Kvam herad. Dei tre satsingsområda i planen er; *trafikksikringsarbeid i kommunane, møteulukker utanfor tettbygde og strøk og mjuke trafikantar i byområde*, verkar fornuftig ut i frå statistikk om drepne og alvorleg skadde i trafikken.

Ut i frå handlingsplanen og kva gruppe som er hardast ramma, dvs dei i mellom 16 – 24 år, så bør denne gruppa til ei kvar tid verta satsa på, i høve til opplæring, haldningskampanjar og tiltak. Dette kunne ha vore endå sterkare understreka i dei tre satsingsområda, at denne aldersgruppa er viktige for å unngå drepne og hardt skadde i trafikken dei næraste åra. Satsing på haldningskapande arbeid i denne gruppa på lokalt nivå, krev bidrag i frå regionalt og nasjonalt nivå. Ressursane i planen burde ha vore auka på dette området.

Rådmannen vil også peika på ei anna viktige gruppe, og det er skuleborn (her som dei aller yngste) og foreldre til skuleborna. Det må tilretteleggjast med gang- og sykkelveggar slik at born kan gå trygt til skulen, og ikkje må køyrast til ei kvar tid. Samstundes må det understrekast at opplæringa til ungane i stor grad må gjerast i lag med foreldre, slik at alle får den same opplæringa.

Handlingsplanen peikar i liten grad på konkrete tiltak, og viser til at regional transportplan for Hordaland skal løyse større oppgåver innanfor nye veganlegg med meir. Rådmannen vil likevel vise til at handlingsplanen vil prioritere tiltak som er ferdig planlagt. Kvam herad har i sitt trafikksikringsarbeid i mange arbeidst for å få på plass gang- og sykkelveg i mellom Oddland og Lidarende. Tiltaket vert føreslått å ta inn som ein del den regionale handlingsplanen.

Under punktet om «Møteulukker i utanfor tettbygde strøk», er punktet om «Fokus på særleg ulukkesutsette strekningar –kampanje og kontroll», trekt fram. Rådmannen vil under dette punktet trekkja fram «gjennomsnittsmålingar» på desse strekningane, som eit tiltak som bør komme inn under dette punktet.

Rådmannen finn samla sett mykje positivt med planen, men skulle ynskt at det vart lagt inn meir ressursar til konkrete trafikksikringstiltak.